

Nærbø, 30.09 2008

Kultur- og kyrkjedepartementet
postmottak@kkd.dep.no

HØYRINGSFRÅSEGN OM ABM-UTVIKLING

Jærmuseet vil i denne høyringsfråsegna nytta høvet til å formidla nokre av dei erfaringame me sjølve har med ABM-utvikling, men først og fremst vil me peika på ein del av dei utfordringane me meiner at ABM-utvikling bør gripa tak i framover.

➤ **ABM som utviklingsaktør**

ABM-utvikling har blitt pålagt å driva med både utviklingsoppgåver og forvaltningsoppgåver innan ABM-sektoren. Forvaltningsoppgåvene kan gi nødvendig erfaring for å driva utviklingsarbeid, men me vil understreka at i forhold til dei utfordringane musea står ovanfor, er det nå viktig å styrka rådgjevar- og utviklarrolla.

Dette heng saman med at det er viktig å styrka den faglege delen av Museumsreforma. Sett frå vår synsstad er det og viktig å styrka dei sektorspesifikke arbeidsområda, og me er glade for at ABM nå har fått ei eiga avdeling for museumsutvikling.

Eit sterkare fokus på dei sektorvise utviklingsområda vil og skapa eit betre og tydlegare grunnlag for samordning der dette er tenleg.

VIDARE ARBEID

➤ **Formidling**

ABM og mange museum har dei siste åra hatt stort fokus på formidling. Me trur det har vore rett og nødvendig å utvikla eit sterkare medvit om musea sine oppgåver som møteplassar for publikum og dialoginstitusjonar i samfunnet.

Etter vår meining har ABM-utvikling gjort eit særleg godt arbeid innan formidlingsfeltet. Dei har vore flinke til å initiera og medverka til nye og spennande formidlingsprosjektet på mange museum rundt om i landet. Me vil oppmoda ABM til å halda fram med dette. For vår eigen del er me svært fornøgde med den støtta me har fått i arbeidet med å utvikla vitensenterpedagogikk og interaktive utstillingar på fleire av avdelingane våre. Me trur og at prosjekt som "Brudd" og "Hot Spot" er viktige for å oppmuntra musea til å tora ta opp kontroversielle tema.

➤ **Publikasjonar**

ABM sin skriftserie er eit godt tiltak som me gjerne ser blir vidareført. Me vil likevel oppmoda til større bruk av nynorsk i ABM sine skrifter.

Etter vårt syn er det særleg trong for å styrka innsatsen på følgjande felt:

➤ **Organisasjonsutvikling**

For dei nye konsoliderte museumseiningane er organisasjonsutvikling ei svært viktig utfordring. Kvaliteten og resultatene av Museumsreforma vil i stor grad bli målt på om musea er velfungerande organisasjonar som leverer betre resultat, både til publikum og i forhold til bevaringsoppgåvene. Dei konsoliderte musea kan velja ulike organisasjonsmodellar. ABM bør i sterkare grad leggja til rette for skulering av både leiargar og medarbeidarar, og for erfaringsutveksling.

➤ **Samlingsforvaltning**

Musea skal balansera innsatsen med omsyn til formidling og bevaring. ABM bør i tida framover retta større merksemd mot bevaring og samlingsforvaltning. Me forventar og at ABM får tilført tilstrekkeleg kompetanse i eigen organisasjon for å handtera desse spørsmåla.

Museumsforbundet har tidlegare oversendt ei skisse til ein nasjonal plan for samlingsforvaltning. Jærmuseet står opp om dette initiativet.

➤ **Forsking**

Museumsforbundet har også utarbeidd ein tiltaksplan for forskning i musea, noko me i stor grad også kan slutta oss til. Jærmuseet vil likevel leggja til at forskning på musea sine samlingar kan problematiserast meir. Me vil og understreka at ABM bør bidra til at andre forskingsinstitusjonar i større grad nyttar musea som arenaer for forskingsformidling.

➤ **Digitalisering**

Jærmuseet meiner at det er viktig å gjera kulturarven tilgjengeleg for flest muleg. Internett og digitalisering kan vera gode tiltak for å bidra til slike målsetjingar. Me er derfor glade for den støtta ABM har gjeve til Fotonettverk Rogaland. Det prosjektet er eit samarbeid mellom muse og arkiv i fylket, eit prosjekt som har ei tottrinns målsetting: heva kvalitet og kvantitet på forvaltning og fotoregistrering i institusjonane, og dernest formidla fotosamlingane på internett gjennom ein regional portal. Dette er døme på digitaliseringsprosjekt som har vakse fram nedanfrå – gjennom frivillig samarbeid på

tvers av ABM-sektorane. Samarbeidet vil nå bli utvida til folkebiblioteka, dvs kommunane som eig fotosamlingar. ABM si støtte her er viktig for at slike regionale prosjekt skal få reell overføringsverdi på nasjonalt plan.

Me tillet oss likevel å stilla spørsmålsteikn ved ABM si satsing på meir generelle internettportalar, og håpar at nytta av denne ressursbruken blir vurdert i høve til andre utfordringar på ABM-feltet.

Etter det me forstår har for eksempel Avdeling for digitalt ABM 11 tilsette, medan Avdeling for museumsutvikling berre har 10.

➤ **Museumsnettverka**

Jærmuseet meiner det kan vera nødvendig å sjå nærare på organiseringa av dei ulike museumsnettverka og vil oppmoda ABM til å drøfta målsettingar og erfaringar.

Våre eigne erfaringar avgrensar seg til deltaking i Samtidsnettverket, Kulturlandskapsnettverket og Luftfartsnettverket. Gjennom Garborgsenteret vil Jærmuseet truleg også delta i Litteraturnettverket.

Frå 2008 er me og ein del av Kystverket sitt etatsmuseum som er organisert etter ein nettverksmodell.

Me meiner at nettverk er ein god modell når ein for eksempel skal dokumentera eit særleg område. At fleire museum ulike stader i landet til saman dekkjer eit dokumentasjonsområde, skaper i dei fleste tilfella større breidd og mangfald enn om ein institusjon skulle ha eit eineansvar. Me er likevel ikkje sikre på om alle nettverka har gitt konkrete resultat.

Dersom ein på nasjonalt plan ønskjer å få belyst eller dokumentert særlege dokumentasjonsområde, trur me nok at ABM må stilla meir prosjektmidlar eller stimuleringsmidlar til rådvelde og målretta innsatsen.

Samtidig vil me understreka at dei konsoliderte musea er sjølvstendig institusjonar som må ha fridom til å prioritera eigne midlar og oppgåver innan sin region eller arbeidsfelt.

Jærmuseet har gode erfaringar med å vera med på prosjekt gjennom Samtidsnettverket. Jærmuseet synest det er viktig at deltakinga i nettverk skal forplikta deltakarane til konkrete prosjekt. Det har og vore svært nyttig og nødvendig at forskings- og dokumentasjonsprosjekt på musea blir kopla til eksterne forskingsmiljø som kan tilføra nødvendig forskingskompetanse og erfaring. For tida er også Kulturlandskapsnettverket i ferd med å dra i gang eit spennande fellesprosjekt. Me har tru på at denne type fellesprosjekt er ein viktig arbeidsmåte for nettverka.

Det er etter kvart blitt svært mange nettverk og eit regionmuseum som Jærmuseet kunne slik sett vore aktivt med i nettverk for Arbeiderkultur, Byggnettverket, Kystkultur, Landbruksnettverket, Magasin og bevaring, Teknologi- og industrihistorie i tillegg til dei

to me er med i for tida. Men innsats og ressursbruk må heile tida vurderast ut frå nytte og faglege planar. Kan hende er det viktig for musea å skifta nettverk over tid?

➤ **Prosjektmidlar**

ABM-meldinga framheva at ABM skulle tilførast betydelege prosjektmidlar. Dette er dessverre ikkje følgt opp i statsbudsjetta, og me vil oppmoda KKD og politikarane om at dei tar desse intensjonane på alvor.

Ein del av dei seinaste konsolideringane ber bod om at dei overordna museumskonstruksjonane blir forvandla frå operative einingar til forvaltningsnivå. Skal museumssektoren *"henga i hop på tvers av institusjons- og fylkesgrenser"*, som det i si tid heitte i "ABM-meldinga", må prosjektmidlane aukast monaleg.

Me vil og oppmoda at ABM analyserer det nye museumslandskapet som nå avteiknar seg, og samarbeider med musea for å løysa utfordringane framover.

Vennleg helsing

Målfrid Snørteland (sign.)
Direktør